# Vekeplan 10. trinn Veke 51 og 1

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: | |
|---|---|
| **Norsk** | • Lesa ei bok<br>• Kunna seie noko om handling og tema i boka<br>• Visa at du kan ha ein litteratursamtale ut i frå bestemte kriterium |
| **Engelsk** | • Reading, writing and speaking about the history, culture and languages of Indigenous peoples<br>• Using active and passive voice<br>• Improve your writing |
| **Matematikk** | • Målark ligg på OneNote. Terminprøve om algebra og funksjoner torsdag 19.12. |
| **Samfunnsfag** | • Kunna seie noko om kva som skjer i Syria no, og kunne plassera dette i ein historisk kontekst<br>• Vita skilnad på vêr, klima og klimaendringar<br>• Gje nokre døme på korleis klimaendringar og ekstremvêr rammar<br>• Gje nokre døme på korleis me kan tilpassa samfunnet endringane<br>• Forklara korleis me kan redusera klimagassutsleppa i verda |
| **KRLE** | • Framføra plakaten saman med gruppa di<br>• Notera det andre grupper seier |
| **Naturfag** | • Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi<br>• Gjera greie for og vurdera bruk av brensel som energikjelde og energiberar<br>• Forklara og vurdera nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi<br>• Utforska nokre metodar for produksjon av energi |
| **Spansk** | • Spansktalende landÅ<br>• snakka om ei reise<br>• Uttrykk for å samanlikna |
| **Tysk** | • Å snakka om reiser og opplevingar<br>• Å bruka vekselpreposisjonar i akkusativ og dativ |
| **Arbeidslivsfag** | • Delta i arbeidsfellesskap og løysa praktiske arbeidsoppdrag<br>• Utvikla kompetanse ved å ta sjølvstendige val i arbeid |
| **Kroppsøving** | • Medverka til læring for andre ved å gje positive og konstruktive tilbakemeldingar<br>• Inkludera og spela andre gode<br>• Symjing: kunna dykke, flyte og gjennomføra livredningshopp |
| **Musikk** | • Kunna danse fleire skotske folkedansar |
| **K&H** | • Arbeida med oppgåvene geriljabroderi eller figur av tre |
| **Utdanningsval** | • Vera klar til å søkje vgs - ha bestemt kva tre utdanningsprogram ein vil setja opp og kva skular ein vil søkje. Alle må ha klart MinID eller BankID. |
| **Kantine** | • Laga god og ernæringsriktig mat<br>• Halda god hygiene<br>• Jobba med rekneskap og plakatdesign<br>• Gjennomføra sal<br>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter |
| **Fys.ak.** | • Trena på og utvikla ferdigheiter i ballspel<br>• Inkludere og spele andre gode<br>• Visa forståing for “Fair play” |
| **Friluftsliv** | • Trygg og sporlaus ferd- ansvar for seg sjølv og andre |

| | |
|---|---|
| | • Forstå og bruka teknikk knytta til bålfyring |
| **Design** | • Arbeida med oppgåve, fikse/redesigne eit plagg |
| **Trafikk** | • Reflektera over og visa korleis trafikksikkerheitsutstyr kan redusera ulykker og skader<br>• Drøfta faktorar som har betydning for mobilitet, folkehelse og miljø<br>• Reflektera over og visa kva det inneber å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken |
| **Olweus** | • Klassemiljø |

## INFORMASJON TIL HEIMEN

**Julegudsteneste og adventsamling 18. desember**
Me nærmar oss desember, og 10. trinnet har ansvaret for å arrangera julegudsteneste i Bryne kyrkje og adventsamling i Aulaen. Elevane har sjølv meldt seg på kva for eit arrangement dei vil gå på, og om dei vil vera med å bidra med gjennomføringa.

**Førjulstid**
Me koser oss med juleaktivitetar på trinnet. Klasseromma er pynta, og me kjem i god julestemning. Elevrådet har dratt i gang temaveke, som skal vere siste veka før juleferien. Me fortset med undervisning og læring heilt fram til jul, sjølv om elevane nok vil ha julekos i kvar time!

**Vgs og innsøking**
Det er svært viktig at alle elevane skaffer seg MinID og/eller BankID før veke 2, slik at alle kan vere med å leggje inn første utkast til VGS-søknad i veke 2 og 3. Om eleven har BankID med kodebrikke, må denne tas med til utdanningsval-timen i veke 2 og 3. Dersom eleven har MinID eller BankID med mobil-app, må eleven ta med mobilen til utdanningsval-timen i veke 2 og 3.

**Foreldremøte**
Det blir foreldremøte onsdag 8. januar kl 18.00 i Aulaen. I møtet vil du få viktig informasjon om vårsemesteret, og Erling Knutzen vil gå gjennom all viktig informasjon i forhold til innsøkinga til vidaregåande skule. Sett av datoen!

**Terminslutt**
Fredag i veke 3 er terminslutt.

**God jul og eit godt nytt skulehalvår!**
Me ønskjer alle ein fin juleferie og gler oss til siste halvår med godgjengen på 10. Trinnet! Siste skuledag før jul er fredag 20. Desember. Me er klar for masse god læring før vgs!

Torsdag 2. januar er planleggingsdag. Første skuledag etter ferien er fredag 3. januar.

Helsing oss på 10.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

| Fag | Kva | Vurdering | Veke/dato |
|---|---|---|---|
| Matematikk | Skriftleg prøve | Karakter | Torsdag veke 51 |
| Norsk | Bokmelding | Karakter | Veke 2 og 3 |

| HEIMEARBEID VEKE 51 | |
|---|---|
| **Norsk** | Les 3x20 min i boka di. **A, C og D:** Rapporter sidetal til lærar på torsdag/ fredag.<br>Øv på bokmeldinga di. |
| **Engelsk** | Du skal gjera både 1 og 2.<br>1. Sjå videoen.<br>2. Svar på spørsmåla du finn på OneNote under home work. Du skal skrive minst tre setningar på kvart spørsmål. |
| **Matematikk** | Forbered deg til terminprøven på torsdag. Repetisjonsoppgåver ligg på OneNote. |
| **Samfunnsfag** | Høyr episoden «Sjokket i Syria: Derfor falt regimet» frå NRK Radio.<br><br>Skriv ein oppsummering av episoden (fokuser på årsakene til, og eventuelt kva du trur kan bli konsekvensane av). |
| **Naturfag** | Øve til munnleg prøve i kapittel 8. |
| **Spansk** | Feliz Navidad. Ingen heimelekse. |
| **Tysk** | Sjekk onenote, veke 51. |
| **Eng fordj** | What's your favourite reality show on TV?<br>If you had the chance to take part in a reality show, which would it be? Why?<br>Write two paragraphs in OneNote – heimearbeid. |
| **Arbeidslivsfag** | Matteprøve. |
| **Musikk** | Me avsluttar blues-prosjektet, og startar med skotske folkedansar. Når du kan grunntrekka i ein dans, må du fokusera på detaljar og vera nøye i overgangar. |
| **Utdanningsval** | Dersom du ikkje har MinID eller BankID, må du ordne det no. |
| **Kantine** | Avspasering. |
| **Friluftsliv** | Ha med klede til å vera ute. Møt i klasserommet. |

| HEIMEARBEID VEKE 1 | |
|---|---|
| **Samfunnsfag** | Følg med på kva som skjer i verda gjennom avisartiklar, nyheitssendingar og andre truverdige kjelder. |
| **Musikk** | Me avsluttar blues-prosjektet, og startar med skotske folkedansar. Når du kan grunntrekka i ein dans, må du fokusera på detaljar og vera nøye i overgangar. |
| **Utdanningsval** | Dersom du ikkje har MinID eller BankID, må du ordne det no. |

**Bryne ungdomsskule**